

Sør arkitekter

**Dato:** 24.04.2024  
**Saksref:** 202405821-2  
**Deres ref.:**  
**Side:** 1 / 1

**Vår saksbehandler:** Ragnhild Haslestad  
**Telefon:**  
**Mobil:** +4793614232  
**E-post:** ragnhild.haslestad@banenor.no

**Midt-Telemark kommune - Oppstart av arbeid med detaljregulering og forhandling om utbyggingsavtale for gnr/bnr 49/5 Torstveitvegen 37 - Bane NORs uttalelse**

Vi viser til brev datert 18.04.24.

Endret arealbruk kan øke faren for flom-, erosjon- og skredskader for jernbanen. Det er viktig at tiltakshaver sørger for at det blir gitt tilstrekkelig fagkyndig beskrivelse hvor det fremgår om jernbanen kan bli utsatt for skader.

Med vennlig hilsen

Åsne Fyhri  
assisterende sjef Planforvaltning  
Drift og vedlikehold

Ragnhild Haslestad  
senioringeniør

**Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur**

Vår saksbehandlar  
Monica Drage Thorbjørnsen

Dokumentdato  
26.04.2024  
Dykkar dato

Vår referanse  
2024/87-473  
Dykkar referanse

SØR arkitekter AS  
Att.Kristin Sudbø Syvertsen  
O.H. Holtasgate 29 A  
3678 NOTODDEN

## **Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering og forhandling om utbyggingsavtale for gbnr. 49/5 Torstveitvegen 37 i Midt-Telemark kommune**

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følge opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som rårar følgjande område:

- Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følge opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

**Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.**

**Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykeforskrifta.**

Vi viser elles til [www.dsb.no](http://www.dsb.no) for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemder.

Med helsing  
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Arkiv

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

**Postadresse**  
Direktoratet for  
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014  
3103 Tønsberg

**Kontoradresse**  
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

**E-post**  
Postmottak@dsb.no

**Telefon**  
33 41 25 00

**Internett**  
www.dsb.no

**Organisasjonsnummer**  
974 760 983



SØR ARKITEKTER AS  
O H Holtas gate 29A  
3678 NOTODDEN

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 08.05.2024  
Deres dato: 18.04.2024  
Vår referanse: 24/13737-2  
Deres referanse:  
Vår saksbehandler: Kristine Gisholt

## **Innspel til varsel om oppstart av reguleringsplan for Torstveitvegen 37 - planID 202401 - Midt-Telemark kommune**

Telemark fylkeskommune syner til brev datert 18. april 2024 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Torstveitvegen 37 i Midt-Telemark kommune. Kommunen har sett fristen for fråsegna til 10. mai 2024.

### **Føremålet med og bakgrunnen for planarbeidet**

Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av to til seks bustader. Bustadene vil inngå i prosjektet "Omsorg på landet" i regi av Midt-Telemark Bustadstifting, der det gjennom medlevertturnus skal leggest til rette for butrening for menneske med spesielle behov (ikkje rus). Det vil være Midt-Telemark kommune som skal tildele plass og bemanne bukollektivet.

Oppføring av bustadene vil krevja noko meir areal enn det som er utbygd innanfor eigedomen i dag, men dyrka mark vil kunne brukast til LNFR-formål slik som i dag. Konseptet "Omsorg på landet" legger opp til at moglegheit for dyrking kan inngå som en del av butilbodet.

Deler av planområdet inngår i detaljreguleringsplan «Torstveit-Lia» frå 2011, og har arealformål veg. Anna areal innanfor planområdet er ikkje regulert.

I kommuneplanens arealdel er planområdet avsett til LNFR. Planen vil være delvis i strid med LNFR-formål, men dyrka mark vil kunne brukast til LNFR-formål slik som i dag.

### **Rollene og ansvaret til fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til fråsegn i medhald av Plan- og bygningslova §5-2. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Fråsegna frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetok interessene til

barn og unge i reguleringsplanar, også på vegne av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren's tilgang til å fremja motsegn.

### **Fylkeskommunen si fråsegn til varselet**

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planforslaget som gjeld våre ansvarsområde:

### **Regionale planar**

#### **Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark (ATP Telemark 2015-2025)**

Retningslinene i ATP Telemark forutset at 70 % av bustadbygging i Midt-Telemark per 4. år skal skje innanfor definert senterstruktur i kommuneplanens arealdel»

Planområdet ligger innanfor tettstadsgrensa til Bø, slik den er avgrensa i arealdelen til Midt-Telemark (#1 på plankartet).

Utdrag frå planomtalen til kommuneplanens arealdel:

Arealstrategiane i kommuneplanens samfunnsdel seier at:

*«70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spreidd bustadbygging og små husklynger tilknytt eksisterande busetnad etter gitte kriteria.»*

*«Det skal leggest til rette for ein variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet.»*

Tiltaket er såleis ikkje i strid med ATP Telemark.

### **Interessene til barn og unge**

Omsynet til barn og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningsliner, jfr. plan- og bygningsloven §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og planlegging pkt. 4 og 5 og dessutan forvaltningslova § 17.

Fylkeskommunen krev ikkje at det blir avsett areal til leikeplass, men vi ber om at uteopphaldsareal for dei som skal bu der, beskrivast og vurderast i saksutgreiinga og planomtala. Uteareala/friområder skal merkast på plankartet.

### **Jordvern**

Det framkjem av planinitiativet at planområdet inneheld om lag 4 daa dyrka mark av svært god kvalitet. Konseptet "Omsorg på landet" legg opp til at moglegheit for dyrking kan inngå som ein del av butilbodet. Fylkeskommunen ser positivt på at den dyrka marka brukast til småskala dyrking tilknytt bustadene, men bygningsmasse, parkering og anna må plasserast på ein slik måte at det ikkje krev inngripen i den dyrka marka.

Det er og viktig å sikre dette området i framtida, slik at ein tek omsyn til framtidig behov for utviding/påbygg ved plassering av bustadene. Konseptet «Omsorg på landet» legg opp til ein viss nærleik til landlege omgivnader, og det er difor ønskeleg å redusere avstandskravet mellom bygningar og dyrka mark som i kommuneplanens arealdel er på 20 meter. Føremålet med ei slik buffersone er å hindre interessekonfliktar mellom landbruk og utbyggingsformål. Dette kan være

støy, støv, sprøyting og lukt frå landbruket, eller aktivitet frå utbyggingsområdet som hindrar rasjonell jordbruksdrift eller uønskt åtferd. Vi ber om at dette føremålet takast med i planarbeidet.

### **Klima og energi**

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane prioriterer reduksjon av klimagassutslepp, effektiv energibruk og klimatilpassing i planlegginga si, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023-2027). Omsynet til klima, energi og klimatilpassing er også sterkt forankra i regionale føringar, jf. Regional planstrategi (2020-2024) og regional klimaplan i Telemark (2019-2026). Med tilvising til føringane nemnt over oppmodar me til å ta inn reduksjon av klimagassutslepp, effektiv energibruk og klimatilpassing som tema i reguleringsplanen. Det kan mellom anna stillast krav om klimavennlege byggjemateriale (t.d. tre), ladeplass for elbilar og øvre grense for parkeringsdekning. Det er også avgjerande at det blir innarbeidd krav til handtering av vatn i reguleringsplanen, inkludert overvatn, jf. Statlege planretningslinjer for klima, energiplanlegging og klimatilpassing (2018). Naturbaserte løysingar bør vektleggjast.

### **Kulturarv**

#### Automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med reguleringsplanforslaget. Vi vurderer det òg som mindre sannsynleg at ikkje kjente, automatisk freda kulturminne er bevart i planområdet, og har difor ingen merknader til reguleringsplanarbeidet.

Vi vil likevel gjere merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.

Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet bli stansa i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakten avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halda fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

#### Nyare tids kulturminne

På eigedommen Torstveitvegen 37 ligg ein eldre bustad som i følgje opplysningane frå SEFRAK-arkivet er eldre enn 1850. Bustaden er i dårleg stand og det er planlagt å rive den for å gje plass til dei nye bustadene. Parallelt med oppstart av plansak har fylkeskommunen motteke rivesøknad for eksisterande bustad til uttale.

Bustaden er omfatta av kulturminnelova § 25 som pålegg kommunane meldeplikt til fylkeskommunen i saker som gjeld riving eller vesentleg endring. Når det allereie er starta opp ein planprosess for eigedommen råder vi sterkt kommunen til å innlemme rivesaka av den eldre bustaden som ein del av reguleringsplanen. Den gamle bustaden kan regulerast inn som eit bygg som skal rivast for å gje plass til nye bygg.

### **Avslutningsvis**

Telemark fylkeskommune har ut frå regionale og nasjonale interesser, ingen ytterlegare kommentarar til varselet om oppstart av planarbeid.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
seksjonsleder  
Samfunn og plan

Kristine Gisholt  
  
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
STATENS VEGVESEN  
MIDT-TELEMARK KOMMUNE

SØR ARKITEKTER AS  
O H Holtas gate 29A  
3678 NOTODDEN

**Vår dato:** 07.05.2024

**Vår ref.:** 202407594-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** PLANID 202401

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs innspel - Varsel om oppstart - Detaljregulering - Torstveitvegen 37 i Bø - gnr. 49 bnr. 5 - Midt-Telemark kommune**

Vi viser til brev datert 18.04.2024. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering - Torstveitvegen 37 i Bø. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av to til seks bustader.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs innspel**

Som det er omtala i referatet frå oppstartmøtet er områdestabilitet og handtering av overvatn viktige tema i denne saka.

#### *Kvikkleire*


NVEs aktsemdkart for [kvikkleireskred](#) og [kartbasert rettleiing for reguleringsplan](#) viser at tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for marin leire. Reell fare for kvikkleireskred må vere avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell tiltakskategori i TEK17 § 7-3 med rettleiing, før planen blir vedteken.

NVEs aktsemdkart for kvikkleireskred er basert på NGUs temakart *Mulighet for Marin Leire* (MML), eller marin grense der MML-karta ikkje er tilgjengelege. NVE har nyleg publisert nye og forbetra aktsemdkart for kvikkleire som også tek omsyn til terrengforskjellar. Kartet



erstattar prosedyrepunkt 3 i [NVE rettleiar 1/2019](#) (kap. 3.2). Karta er tilgjengelege på NVE Atlas og NVE Temakart kvikkleire. NVE har presentert dei nye karta i eit [naturfarewebinar](#).

I denne plansaka viser aktsemdkartet for kvikkleireskred at det må bli gjort ei konkret vurdering og utgreiing av om det er fare for kvikkleireskred. Vi viser til NVEs rettleiar nr. [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#).



### *Utbygging kan gi problem med overvatn*

Utbygging som fører til auka del harde flater, kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstrøms. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Det er òg viktig at de er merksam på at ny utbygging kan blokkere avrenninga ovanfrå, noko som igjen kan føre til skader på sjølve bygget, og/eller leie overvatnet i uønskt retning.

NVE rår dykk til å nytte tretrinns-strategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, hovudsakleg på overflata. Eit viktig prinsipp er å bidra til så «naturlik» overvasshandtering som råd.

For å sikre og etablere gode løysingar for overvatn, viser vi til at det skal veljast opne løysingar. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunnjevast kvifor naturbaserte løysingar blir valde bort, sjå [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#), dei to siste avsnitta i kap. 4.

Klimaendringane sin påverknad på avrenninga må også avklarast og takast omsyn til. For å sikre trygg bortleiing av vatn ved dei store regnhendingane, rår vi til å kartlegge flaumvegane i byggeområda fram til resipient.

Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i planarbeidet, for både kommuneplan- og reguleringsplannivå. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.





## Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

## NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov. Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

## Mottakarar:

SØR ARKITEKTER AS

## Kopimottakarar:

Midt-Telemark kommune



SØR arkitekter AS

Saksbehandler, innvalgstelefon

Astrid Lie Olsen, 33372321

Att.Kristin Syvertsen

## Standardisert uttalelse - oppstart - reguleringsplan - Midt-Telemark 49/5 - detaljregulering for Torstveitvegen 37 - planID 202401

Vi viser til oversendelse av varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan.

### Om Statsforvalterens standardiserte uttalelse

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har for tiden stor pågang av saker. På grunn av begrenset kapasitet har vi dessverre ikke kunnet gjøre konkrete vurderinger av dette reguleringsvarselet. Vi oversender derfor en standardisert uttalelse med nasjonale interesser som vi forventer at blir ivaretatt i det videre planarbeidet. Kommunen har et selvstendig ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planleggingen. Dersom det er konkrete forhold ved en plan som kommunen ønsker at Statsforvalteren skal ta stilling til, ber vi om at dere kontakter oss, så skal vi selvsagt være behjelpelige.

Vi ber om å få planforslaget oversendt til offentlig ettersyn.

### Rollen til Statsforvalterens fagavdelinger

Statsforvalterens fagavdelinger skal med hjemmel i plan- og bygningsloven § 3-2 påse at planer ikke er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innen miljøvern, klima, landbruk, samfunnssikkerhet, folkehelse, barn og unges interesser og gravplasser.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngikk en samarbeidsavtale 13.01.2021, som inntil videre videreføres med Telemark fylkeskommune. Avtalen innebærer at fylkeskommunen ivaretar barn og unges interesser i reguleringsplaner også på vegne av Statsforvalteren. Avtalen begrenser ikke vår adgang til å fremme innsigelse til planforslag som er i strid med barn og unges interesser.

### Nasjonale interesser som må ivaretas i planleggingen

Under følger en forenklet oversikt over nasjonale interesser som vi forventer at blir ivaretatt i planleggingen. Ikke alle hensynene vil være relevante i den enkelte sak.



### Landbruk

Jordvern som nasjonal interesse har flere ganger blitt styrket de siste årene. Omdisponering av dyrka mark må unngås. Dette gjelder fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jordvernet inkluderer dyrkbar jord, som også må ivaretas. Det må videre sikres tilstrekkelig buffersone mot dyrka og dyrkbare arealer.

### Naturmangfold

Planen må ivareta naturtyper og arter av nasjonal og vesentlig regional interesse. Hva dette omfatter, oppgis i punkt 3.6 i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. Eksisterende registreringer av arter og naturtyper ligger bl.a. i Miljødirektoratets Naturbase. Planen må også ivareta hensynet til verneområder, sammenhengende naturområder med urørt preg og geologisk naturmangfold. Det må sikres tilstrekkelige buffersoner mot viktige naturforekomster. Mot naturtyper i skog bør det sikres en buffersone som minst tilsvarer høyden på utvokste trær i området.

Dersom det ikke foreligger naturtypekartlegging innenfor planområdet, bør dette gjennomføres i forbindelse med planprosessen. Vi forventer at det gjennomføres kartlegging dersom planområdet har potensiale for naturverdier av nasjonal interesse. Dette kan f.eks. være hvis det er eldre skog der, forekomster av edelløvsskog, eller kalkgrunn, eller hvis det er registrert viktige naturverdier i nærliggende områder. Ny kartlegging må gjennomføres etter NiN-metoden. Manglende kartlegging kan gi grunnlag for innsigelse fra miljødirektøren. Resultatene fra kartleggingen må legges til grunn for planforslaget, og naturverdier av nasjonal og vesentlig regional interesse må ivaretas.

Eventuelle hule eiker (etter forskrift om utvalgte naturtyper) må ivaretas og sikres i planen med en hensynssone med radius 15 meter fra senter av stammen. Innenfor hensynssonen må det unngås bygge- og gravetiltak, påfylling av masser, kjøring med tunge maskiner og annet som kan skade eika.

### Klimagassutslipp og karbonrike arealer

I nye *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027* har regjeringen følgende forventninger i punkt 48: "Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes." Dette må følges opp i den kommunale planleggingen.

### Samfunnssikkerhet

Alle planer skal ha en risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av den planlagte utbyggingen, jf. plan- og bygningsloven § 4-3. Resultatene fra ROS-analysen skal legges til grunn for planforslaget. Område med risiko og sårbarhet skal avmerkes i planen som hensynssone. Utredning av farer og tiltak mot farer kan ikke skyves til byggesak.

### Klimatilpasning

Det må i planleggingen tas hensyn til forventede framtidige klimaendringer, som blant annet kan gi økte utfordringer knyttet til overvann, flom, erosjon og skred. Betydningen av grønne områder og intakt natur for klimatilpasning må vektlegges, og naturbaserte løsninger for overvannshåndtering må vurderes, jf. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning* (2018).



### Støy

Vi forutsetter at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) legges til grunn for planarbeidet og at hensynet til støy blir tilfredsstillende utredet og ivaretatt i henhold til retningslinjen. Dette gjelder både ved planlegging av ny støyfølsom bebyggelse, og ved tilrettelegging for ny støyende virksomhet. Støy i anleggsfasen må også ivaretas.

### Forurenset grunn

Planen må ta hensyn til kunnskap om forurenset grunn (grunnforurensningsdatabasen) eller mistanke om dette, og hvilken type forurensning det er. Områder med forurenset grunn skal vises med hensynssone. Ved ny arealbruk i områder med forurenset grunn må det gjennomføres miljøtekniske undersøkelser og risikovurdering. Vi viser til forurensningsforskriften kapittel 2.

### Vassdrag og vannmiljø

Også i 100-metersbeltet langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vi minner også om ivaretagelse av kantvegetasjon langs vassdrag, jf. vannressursloven § 11.

Vannforekomster skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at de skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vi viser til miljømålene i vannforskriften §§ 4 og 5, samt § 12. Vi viser også til regional vannforvaltningsplan.

For verna vassdrag må *Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag* legges til grunn i planleggingen. Hensynene i punkt 3 i de rikspolitiske retningslinjene må legges til grunn innenfor område for verna vassdrag, og gjelder for hovedelver, sideelver, større bekker, sjøer og tjern og et område på inntil 100 meters bredde langs sidene av disse, jf. punkt 1.

### Avløp

Avløpsvann fra planområdet må gis tilfredsstillende rensning, slik at det ikke fører til forurensning eller forringer vannforekomster. Avløpsrenseanlegg det er aktuelt å koble seg til, må overholde krav til rensing og andre krav etter forurensningsregelverket, og ha nok kapasitet til planlagt utbygging.

### Friluftsliv

Planen må ivareta områder klassifisert som viktige eller svært viktige friluftsområder, jf. Miljødirektoratets Naturbase, samt andre områder som er vurdert å ha nasjonal eller viktig regional betydning som friluftsområder. Planen må sikre allmennhetens tilgang til viktige friluftsområder, områder langs sjø og vassdrag og stier/løyper.

### Samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Vi viser til *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*.

Utbyggingsmønstre og transportsystemer bør fremme kompakte byer og tettsteder som styrker gange, sykkel og kollektiv som transportformer. I byer og tettstedsområder bør det legges vekt på høy arealutnyttelse, fortetting og transformasjon.



### Andre nasjonale interesser

I planarbeidet må det også tas hensyn til:

- Landskap, jf. plan- og bygningsloven § 3-1 bokstav b, Europarådets landskapskonvensjon og punkt 3.9 i rundskriv T-2/16
- Lokal luftkvalitet, jf. *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging*, T-1520/2012
- Universell utforming, jf. plan- og bygningsloven § 1-1
- Storulykkebedrifter, jf. avsnittet om samfunnssikkerhet og punkt 3.13 i rundskriv T-2/16
- Gravplasser, jf. gravplassloven, gravplassforskriften, rundskriv Q-06/2020 og veilederen *Gravplassrådgivningen*
- Barn og unges interesser, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* og rundskriv T-2/08 *Om barn og planlegging*

Med hilsen

Astrid Lie Olsen (e.f.)  
plansjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER